

Seksjon for nordisk
språk og litteratur

NOR- *skrift*

Arbeidsskrift for nordisk
språk og litteratur

Nr. 98/1998

INNHOLD

HANS-OLAV ENGER

Det mentale leksikonet:
ei liste over 'basic irregularities'
eller et strukturert nettverk?8-25

BÅRD ESKELAND

Dette er Bergen
Ein sosiolingvistisk presentasjon 26-50

ODDMUND LØKENSGARD HOEL

Dialektar og sosiolingvistikk
Ei drøfting av kva nyare sosiolingvistikk
har hatt å seie for synet på kva ein dialekt er 51-67

JANNE BRIT MYRMO

Grammatikkemnet i norskfaget:
historiske og aktuelle vurderinger 68-88

ÅLOV RUNDE

Strukturen til leksikonet. En kritisk jamføring av
strukturalistiske og kognitive tilnæringsmåter 89-106

LIVE STOKSTAD

Vokalharmoni og vokalbalanse i gammelnorske tekster107-127

JAN SVENNEVIG

Meningsskaping og forhandling i samtale.....128-140

- Nesse, Agnete (1994): *Kollektiv og individuell variasjon i bergensdialekten. Talemål i Bergen 5*, (h.opp) Målføresamlinga, Nordisk institutt UiB
- Pettersen, Egil (1991): *Bergensordboken. Ord - uttrykk - vendinger og begrep i Bergens bymål*, Bergen
- Pettersen, Egil (1996): *Ka e' tiss? Bergensmålet gjennom tidene slik forfatterne har brukt det*, Bergen
- Rundhovde, Gunvor (1975): "Åsane-målet" i *Åsane bygdebok*
- Sandøy, Helge (1995): "Sociolinguistic patterns in Bergen" i *International Journal of the Sociology of Language* nr. 115
- Skre, Ivar (1957): *Fana-målet. Ljodlæra med stutt omrit av formålæra*, Bergen
- Sørli, Mikjel (1969): *Bergens eldste bymål og andre studier*
- Trudgill, Peter (1986): *Dialects in contact*, Oxford
- Trudgill, Peter (1995): *Sociolinguistics*, Penguin Books
- Ulland, Harald (1983): "Bruken av *den, han og ho* om inanimata i talemålet i Bergen" i *Talemål i Bergen 1/83*
- Ulland, Harald (1984a): "Det bergenske ego. Om formene *eg, e og jei* i Bergensk" i *Talemål i Bergen 1/84*
- Ulland, Harald (1984b): "Nokre personlege pronomen som sosiolingvistiske variablar i bergensk" i *Talemål i Bergen 1/84*
- Venås, Kjell (1991): *Mål og miljø. Innføring i sosiolingvistikk eller språksosiologi*, Oslo
- Aarseth, Arne (1974): *Os-målet. Et hordalandsmål i forandring*, upubl. h.-oppgåve, UiB

Dialektar og sosiolingvistikk

Ei drøfting av kva nyare sosiolingvistikk har hatt å seie for synet på kva ein dialekt er¹

ODDMUND LØKENS GARD HOEL

1 INNLEIING

Spørsmålet om kva ein dialekt er, kan trygt reknast som eit av dei meir grunnleggjande spørsmåla i talemålsforskninga. Det gjeld ikkje mindre enn korleis ein definerer objektet for forskingsdisiplinen. Å spørja kva 'nyare sosiolingvistikk har hatt å seie for synet på kva ein dialekt er', skulle difor bli jamgodt med å spørja kva nyare postmodernisme har hatt å seia for synet på kva eit litterært verk er. Problemstillinga er med andre ord temmeleg vidtfemnande og reiser viktige spørsmål knytt til den nære faghistora.

Eg vil her avgrensa meg til synet på dialektar i *dei norske fagmiljøa* som driv og har drive med talemålsforskning. Det vil seia at eg ikkje kjem til å gå inn på utanlandske fagmiljø, eller på kva sosiolingvistikken har hatt å seia for dialektomgrepet og synet på dialektar som ein finn mellom folk flest.

I det norske standardverket om disiplinen, *Mål og miljø* av Kjell Venås, blir 'sosiolingvistikk' eller 'språksosiologi' definert som studiet av "...korleis språket fungerer i samfunnssamanheng, eller korleis samfunnet og språket verkar saman og i høve til einannan" (Venås 1991:13). Som utskild og namngjeven disiplin er sosiolingvistikken berre kring 30 år gamal. Likevel vart det drive forskning tidlegare som tok opp mange av dei same problemstillingane innanfor rammene av den tradisjonelle målføregranskninga. Slik kunne me jo rekna all sosiolingvistikk etter midten av 1960-åra som 'nyare sosiolingvistikk'.

Eit alternativ er å sjå 'nyare sosiolingvistikk' i motsetnad til 'eldre sosiolingvistikk'. Det byr på ein del problem. Ikkje fordi det ikkje finst ulike retningar innan sosiolingvistikken – tvert imot siglar so mykje

¹ Prøveforelesing i emnekrinsen 'Talemål' til nordisk hovudfag, halden 28.5.96. Det er berre gjort mindre språklege endringar i høve til det opphavlege manuset.

ulikt under dette flagget at det grensar til det meiningslause å snakka om *éin* sosiolingvistikk. Problemet er heller at det er vanskeleg å plassera retningane eintydig kronologisk i høve til ein annan, serleg internasjonalt. Det ein då med god vilje måtte kalla den 'eldre' sosiolingvistikken, er det som både har vorte kalla korrelasjonslingvistikken, variasjonlingvistikken og den kvantitative sosiolingvistikken. Hovudmann og føredøme har vore William Labov og granskingane han gjorde i New York midt på 60-talet. Labov tok i bruk kvantitative samfunnsvitskaplege metodar for å finna fram til samvariasjonen mellom språklege variablar og sosiale variablar som klasse, alder, kjønn, utdanning m m.

Den andre hovudretninga er meir individorientert og har hatt ei antropologisk, sosialpsykologisk og hermeneutisk tilnærming. Ei samlenemning har gjerne vore den 'interaksjonelle sosiolingvistikken'. Der har ein lagt sterkare vekt på at språkbruk er ei sosial handling der individet sjølv spelar ei aktiv rolle gjennom å variera språkbruken i ulike situasjonar. Internasjonalt er ikkje retninga yngre enn den labovske, men det har nok vore ei viss dreining i favør av den interaksjonelle retninga dei siste 10–15 åra. Endå tydelegare har tendensen vore her i landet. Rett nok har det alltid vore snakk om sopass små miljø og få forskarar at det kan bli vel pretensjøst å snakka om 'tradisjonar' eller 'skular' i norsk sosiolingvistikk. Men det er ingen tvil om at den labovske retninga med nokre få unntak dominerte heile 70-talet, medan den interaksjonelle sosiolingvistikken no ser ut til å ha fått meir fotfeste og difor med litt god vilje kan kallast "nyare". Eg kjem til å ha eit lite sideblikk til skilnaden på dei to hovudretningane, men eg vil fyrst og fremst konsentrera meg om overgangen frå den tradisjonelle målføregranskinga til sosiolingvistikken. Det er der ein finn dei største skilnadane innanfor det som er emnet her.

Eit par terminologiske avklåringar: Eg brukar 'dialekt' og 'målføre' synonymt, slik det er vanleg. 'Målføregransking' og 'dialektologi' er difor det same. 'Talemålsforskning' eller 'talemålskunnskap' brukar eg som samlenemningar for målføregransking og sosiolingvistikk.

2 EIN GROV KARAKTERISTIKK AV DIALEKTSYNET I DEN TRADISJONELLE MÅLFØREGRANSKINGA OG I SOSIOLINGVISTIKKEN

Kva for eit dialektsyn finn me so i den tradisjonelle målføregranskinga, og kva var nytt med sosiolingvistikken?

For å ha noko handfast å halda meg til, har eg sett på nokre av dei sentrale innføringsbøkene i talemålskunnskap på universitetsnivå etter krigen. Det er sjølv sagt skummelt å karakterisera heile forskningstradisjonar på grunnlag av nokre få innføringsbøker, men det har òg klare fordelar. I sterkare grad enn spesialavhandlingane er gjerne innføringsbøkene skrivne med tanke på at dei skal vera representative for fagtradisjonen, dei femner om fleire sider av faget, og me må rekna med at dei har større skuledannande verknad. Bøkene som her skal få representera den tradisjonelle målføregranskinga, er *Norske dialekter* av Hallfrid Christiansen (1946–48), *Nynorsken i sine målføre* av Sigurd Kolsrud (1951) og *Målføre og skriftmål* av Martin Skjekkeland (1977).² Her skil Skjekkeland seg ut ved systematisk å jamføra målføra med skriftmåla, men Skjekkeland definerer sjølv boka si inn under den tradisjonelle norske målføregranskinga (s. 7).

Som uttrykk for dei nye tider har eg teke føre meg *Norsk dialektkunnskap* (1985) og *Talemål* (1993), båe av Helge Sandøy. Sandøy har ei sosiolingvistisk tilnærming til dialektstudiet, og slik kjem kontrastane godt fram. Eg har dessutan hatt eit auga til *Mål og miljø* (1982/1991) av Venås og til nokre nyare faghistoriske framstillingar, serleg til Mæhlum 1996 – ei utgreiing eg har hatt stor glede av.

Definisjonen

"Hva er en dialekt?" spør Hallfrid Christiansen på fyrste sida i *Norsk dialektkunnskap*. Det næraste ho kjem noko som kan kallast ein definisjon, er dette:

Med en dialekt mener vi som regel en talemålsform, som avviker fra landets offisielle språk. Når vi snakker om f. eks. trøndsk dialekt, mener vi talemålet i Trøndelag med de særegenheter i ordformer, uttrykksmåte, uttale og talemusikk som skiller trøndsk

² Eg har ikkje teke omsyn til 1997-utgåva av boka til Skjekkeland.

mål fra det vi oppfatter som normalnorsk, enten vi nå tenker på riksmål eller landsmål. ... Det vi kaller dialekter, er da folkelige talemålsformer, som lever et selvstendig liv ved siden av riksspråket. (Christiansen 1946 I:5-6)

Ut frå dette og det ho elles skriv, er det klårt at Christiansen har to sentrale kriterium på kva ein dialekt er: (1) Ein stadbunden varietet som er sermerkt for eit område, og (2) avstand til rikstalemålet. Ein som i dag veks opp i Oslo-området med eit bokmålsnært standard østnorsk som fyrstespråk (morsmål), snakkar ikkje dialekt etter denne definisjonen. Korkje Kolsrud eller Skjekkeland definerer eller drøftar dialekt-omgrepet, og det tek eg som eit teikn på kor innarbeidd og uproblematisk denne definisjonen har vore i målføregranskinga. Det er vel òg noko slikt folk utanfor fagmiljøa har lagt og framleis legg i dialekt-omgrepet.

Utgangspunktet for Helge Sandøy er derimot at "*alle snakkar dialekt*" (Sandøy 1993:11). Som me skal sjå mot slutten, er grunngevinga for definisjonen meir politisk enn fagleg motivert. 'Dialekt' har her vorte synonymt med det som andre har kalla 'morsmål', 'oppvekstspråk', 'fyrstespråk' eller 'hjartespåk'. Ein person som snakkar ein sekundært tillært varietet snakkar derimot ikkje dialekt. Som vederlag for det tradisjonelle dialekt-omgrepet brukar Sandøy 'geolekt', som då vert ein stadbunden varietet. 'Sosiolekt' brukar han slik det har vore vanleg i sosiolingvistikken om språkskilnader som "samsvarer med forskjellar i sosiale grupperingar ... eller er avhengige av ulike brukssituasjonar". 'Dialekt' blir difor eit overomgrep for 'geolekt' og 'sosiolekt' (s. 20). Her må det likevel leggjast til at det dialektsynet som viser seg bak det utvida dialektomgrepet, er meir representativt for sosiolingvistikken enn sjølve definisjonen, som det er noko meir usemje om. For å unngå meir forvirring skal eg halda fram med å bruka dialekt-nemninga på gamlemåten.

Me støyter soleis på to heilt ulike svar på kva ein dialekt er alt i utgangspunktet i dei to tradisjonane. Dersom me går bak den terminologiske usemja, kan skilnaden i dialektsyn oppsummerast med fem motsetnadspaar.

(1) Diakroni : synkroni

For det fyrste står det *diakrone* (historiske) perspektivet sentralt i den tradisjonelle målføregranskinga, og i innføringsbøkene får den indre språkutviklinga frå gamalnorsk til nynorske dialektar stor plass. Eit sentralt føremål for norske dialektologar frå Ivar Aasen og heilt opp til vår tid, har vore å få fram at målføra er resultat av ei ubrotten utvikling frå norrønt, og at dei samla representerer eit 'norsk' språk. Det er berre å sjå på tittelen til Kolsrud, *Nynorsken i sine målføre*, ein tittel som dessutan er tvetydig: Ordet 'nynorsk' kan her både peika på det språkhistoriske steget og på skriftmålet. Slik har dialektomgrepet fått eit diakront innhald. Lang tradisjon på staden og røter tilbake til gamalnorsk har vorte viktigare enn røynelege synkroner skilnader og likskapar med andre varietetar når ein skulle avgjera kva som kunne kallast ein 'dialekt'.

I sosiolingvistikken møter me derimot ei grunnleggjande *synkron* tilnærming. Ein er ikkje ute etter korleis ein dialekt har vorte forma, men etter språkbruken her og no. I Sandøys tilfelle er den synkroner tilnærminga òg fylgt av ei strukturalistisk: Poenget er ikkje fyrst og fremst at dialektane er variantar av det same språket, men at kvar dialekt/sosiolekt utgjer eit sjølvstendig språksystem, konstituert av sine egne reglar og opposisjonar. Det er dei språklege tilhøva *i dag* som avgjer kva som vert rekna som dialektar og sosiolektar. Opphavet er i dette perspektivet uinteressant.

(2) Statisk : dynamisk

For det andre møter me eit etter måten *statisk* syn på dialektane i målføregranskinga. Her må det seiast at det diakrone perspektivet i prinsippet er dynamisk sidan det er språkending som blir skildra. Men ein går ikkje inn på retninga og tempoet på utviklinga i nær fortid og i samtida. Slik får me eit inntrykk av at målføra har nådd ein slags historisk endestasjon. I den grad dei meir dagsaktuelle endringsprosessane blir omtala, er det i ålmenne vendingar i innleiings- og avslutningskapitla i innføringsbøkene. Her kan me lesa at det er drag

frå dei meir skriftmålsnære bymåla som breier seg ut frå byane og frå 'stasjonsbyane', som det heitte i gamle dagar.

For sosiolingvistane er det derimot ei grunnsetning at språk endrar seg heile tida, og at dét er heilt naturleg – me finn eit utprega *dynamisk* dialektstagnasjon. Sandøy 1985 inneheld t d eit eige kapittel som heiter "Språkutviklinga i dag".

(3) Homogenitet : heterogenitet

For det tredje vert dialektane framstilte som *homogene* og *einskaplege* system i målføregranskinga. Anten har alle dialektbrukarane i eit område kløyvd infinitiv konsekvent gjennomført i alle posisjonar og situasjonar, eller so har dei det ikkje. Den sosiale, individuelle og situasjonelle variasjonen innanfor eit dialektområde vert ikkje problematisert og langt mindre kvantifisert.

Sosiolingvistane legg derimot vekt på *heterogeniteten* og *variasjonen*. "Å beskrive ein *dialekt* er ... å generalisere", skriv Sandøy. Ein dialekt er "ei *språkssystematisk idealisering*". Språkbruken til den einskilde er utgangspunktet, og ein er oppteken av å få fram at både 'dialekt' ('geolekt'), 'sosiolekt' og 'ideolekt' er abstraksjonar. Her må det likevel leggjast til at det er ein viss skilnad på dei to hovudretningane i sosiolingvistikken. I korrelasjonslingvistikken har interessa for dialektar vorte avløyst av ei interesse for sosiolektar, men framleis er det *gruppespråket* som står i sentrum. Utgangspunktet er at tilhøyrse til ei sosial gruppe er avgjerande for språkbruken til individet. Det har dei vorte kritisert for av representantar for den interaksjonelle sosiolingvistikken, som har hevda at slike generaliseringar raskt blir villeiande, både fordi det er stor variasjon innanfor kvar sosiale gruppe, og fordi ein og same person kan variera språkbruken mykje frå situasjon til situasjon.

(4) Grenseliner : grensebelte

Det fjerde punktet heng nært saman med det førre: I den tradisjonelle målføregranskinga får ein inntrykk av *absolutte grenser* mellom dei ulike språkdraga. Isoglossane er dregne som skarpe strekar på karta. På

den eine sida av streken har ein tjukk l av norrøn rd (gard), på den andre sida ikkje.

Sosiolingvistane legg derimot vekt på at ein isogloss, til liks med ein 'dialekt', er "ei idealisering eller ei generalisering", som Sandøy formulerer det (1985:68). Men det må òg nemnast at korkje Sandøy eller Venås i *Mål og miljø* gjer eit so stort poeng av dette som t d Chambers og Trudgill i innføringsboka *Dialectology* (1980). Her vil eg dessutan nemna at Christiansen gjev oss ein peikepinn om at ein ikkje skal ta strekane på karta hennar alt for kategorisk, og det ho skriv kunne godt vore skrive av ein sosiolingvist:

Reiser vi nå f. eks. nordover langs Mjøsa, vil vi først høre hvordan ordet 'mann' uttales med alminnelig dental *n*, så kommer vi til et strøk hvor *n*'en får et lite forelag [sic] av *j*, ma'n· og så til et strøk hvor *n*'en er palatalisert og folk sier *man·*. Her finnes altså ingen egentlig grense mellom den dentale og den palatale *n*, men en overgang med svak muljering, og en nøyaktig grense mellom hvert område lar seg ikke trekke. Vi får altså [...] et grensebelte for en grenselinje. (Christiansen 1946:60)

Det må likevel seiast at etterfyljarane i målføregranskinga har vore flinkare til å trykka opp att karta hennar enn til å få med liknande atterhald.

(5) *NORMs* og *arkaisk talemål* : *representativt utval og talemålet i dag*
For det femte skildrar den tradisjonelle målføregranskinga ofte ikkje dialektane i samtida, men dialektane slik dei var i ei meir eller mindre fjern fortid. Målføregranskarar har gjerne prioritert å kartleggja talemålet til dei som av vonde engelske tunger har vorte kalla *NORMs* (Nonmobile Older Rural Males). Føremålet har vore å granska målføret i mest mogleg opphavleg form, og valet av heimelsmenn vart deretter. Slik kom målføregranskarane ofte ikkje til å skildra målføret slik eit representativt tverrsnitt av målførebrukarane i lokalsamfunnet nytta det. Fylgja vart at mange monografiar, og i endå sterkare grad innføringsbøkene, målførekarta og dei samlande framstillingane, har

skildra dialektdrag som ikkje har vorte nytta av alle og i visse tilfelle heller ikkje av eit fleirtal i eit område.

Sosiolingvistane er derimot prinsipielt opptekne av språktilhøva i dag. Det kjem tydeleg til uttrykk i målføreprøvene som Sandøy brukar i 1985-boka. Dei 16 informantane fordeler seg eksemplarisk på åtte kvinner og åtte menn, og dei er henta frå alle aldersgrupper. I snitt var dei fødte i 1932, og dei var vel 43 år då dei vart intervjuet, det vil seia i 1975 – framleis i snitt –, 10 år før boka kom ut. Idealet kjem rett nok berre delvis til uttrykk når Sandøy går gjennom dei ulike språkdraga. Til dømes nemner han ein stad at Olav T. Beito alt på 50-talet registrerte at dativbruken var på full veg ut mellom ungdom i Hallingdal (1993:103), men dativkartet er det gode gamle til Hallfrid Christiansen.

3 FRÅ MÅLFØREGRANSKING TIL SOSIOLINGVISTIKK – BROT ELLER KONTINUITET?

Sidan framstillinga til no har vore noko skjematisk og forsterka skilnadene på målføregranskinga og sosiolingvistikken, skal eg skunda meg med å føra fram fire nyanserende punkt.

(1) Nytt språkleg landskap

Det språklege landskapet har endra seg mykje, serleg sidan andre verdskrigen. Talemållssituasjonen i dei bygdene som målføregranskarane tidlegare konsentrerte seg om, var langt meir statisk, homogen og stabil enn i byane og tettstadene som sosiolingvistane har kasta seg over. I internasjonal språkkontakt- og dialektkontakt-forskning snakkar ein om meir eller mindre 'fokuserte' og 'diffuse' varietetar for å skildra kor einskapleg eller varierende ein varietet er. Sjølv om ein kan finna ein del norske eksempel på fokusering frå dei siste tiåra, som i Høyanger og andre industribygder, er det vel liten tvil om at hovudtendensen i lokalsamfunna er ei utvikling frå ein relativt fokusert til ein meir diffus språktilstand dei fleste stader.³ Kort sagt var ein

³ Dette gjeld som sagt på lokalt nivå. Ser ein større regionar under eitt, vil ein derimot sjå tendens til større fokusering (regionalisering med bokmålsnært austnorsk standardtalemål som styrande overnorm).

NORM meir representativ for språkbruken på ein stad før enn han er i dag.

(2) Nytt forskingsobjekt

Målføregranskinga og sosiolingvistikken har hatt ulike forskingsobjekt. Dei knappaste definisjonane av sosiolingvistikken går nettopp ut på at fagfeltet er 'studiet av språkleg variasjon'. I målføregranskinga har derimot eit sentralt føremål vore å kartleggja isoglossane og dei historiske endringsprosessane, og ikkje minst å samla inn språkleg tilfang før det døydde ut med den eldste generasjonen – det som har vorte kalla 'ein fot i grava'-dialektologi.

(3) Andre krav til vitskapleg framferd

Det tredje modifierande punktet mitt er at ein ikkje kan lesa språkvitskaplege arbeid frå nokre tiår tilbake på same måten som ein les nyare språkvitskaplege arbeid. Både sjangerkrava til vitskaplege arbeid og kriteria for kva som er vitskapleg, har endra seg mykje etter positivismestriden i 60-åra. Den tradisjonelle dialektologien har vore teoriløs på den måten at ein sjeldan finn drøftingar av dei teoretiske og metodiske føresetnadene for arbeidet, noko me reknar som sjølv sagt i dag. Slik kan målføregranskarar som Kolsrud i *Nynorsken i sine målføre* verka noko naiv etter ein sosiolingvistisk målestokk. Som døme på at dei gamle ikkje alltid var heilt på bærtur som sosiolingvistar, vil eg nemna noko som Kolsrud skreiv i *Maal og maalgransking* i 1922:

Maal lærer og tileignar me oss heile livet igjennom. Maalevna lærer aa bruke det maalet som er ikring ho; naar ho formar um og skapar noko nytt, er det i regelen ikkje med vilje, anna der ho tykkjer ho er nøydd til. Ho vil gjerne bruke maalet som dei andre gjer det; difor arbeider ho – medvete eller umedvete – alltid paa aa koma i samsvar med maalet ikringum seg, ho vil sjølv skyna det og faa andre til aa taka mot det tankelivet ho er tolk for. (Kolsrud 1922:68)

Kolsrud formulerer her kort og konsist kjernepunktet i den interaksjonelle sosiolingvistikken. Det er banalt, men likevel viktig nok,

at vitskaplege arbeid – som andre tekstar – må vurderast ut frå sjangerkrav og vitskaplege konvensjonar frå den tida dei vart skrivne.

(4) 'Pre-sosiolingvistane'

Det fjerde modifierande punktet gjeld dei Brit Mæhlum kallar 'pre-sosiolingvistane'. Både Mæhlum og andre som dei siste åra har kome med tilskot til saga om norsk og internasjonal talemålsforskning (t d Konrad Koerner), har lagt stor vekt på at ikkje alt i sosiolingvistikken var like revolusjonerande nytt som dei sjølvoppnemnde pionerane gjerne ville ha det til. Norske målføregranskarar har heile hundreåret interessert seg for dei spørsmåla og perspektiva som har stått sentralt i sosiolingvistikken, og dei har hatt syn både for sosial variasjon og for dei sosiale og psykologiske mekanismane som verkar inn på språkbruk og språkendingar.

Norske dialektologar interesserte seg tidleg for bymåla og støytte der på ein tildels stor og uoversynleg språkleg variasjon som ikkje kunne forklårast utan at ein drog inn sosiologiske og psykologiske faktorar. Best kjende er granskingane til Amund B. Larsen av "vulgærsproget" i Kristiania, Bergen og Stavanger mellom 1907 og 1925, men frå fyrste halvdel av hundreåret har me òg bymålsgranskingar frå Kristiansund (Ivar Hoel 1915), Arendal (Fridtjof Voss 1940) og Kristiansand (Arnulf Johnsen 1942–54), og dessutan endå ei frå Stavanger om syntaksen i bymålet (Martin Svendsen 1931) (Mæhlum 1996:183, 208).

I ein artikkel om "Amund B. Larsen som sosiolingvist" er det dessutan eit viktig poeng for Geirr Wiggen at Larsen var like mykje sosiolingvist i bygdemålsstudiane som i bymålsstudiane. Alt i 1880-åra lanserte han det sosialpsykologiske omgrepet "nabo-opposition" for å forklåra dialektskilnader mellom grannebygder, og Wiggen peikar på at Larsen ofte forklårer språkendingar *intensjonalt*, som eit utslag av medvit og vilje, ikkje med *kausale årsaksforklåringar* slik det var vanleg på ei tid då ein såg på språket som eit naturfenomen og lingvistikken som ein naturvitskap (Wiggen 1995:33).

I etterkrigstida finn me ei lang rekkje 'pre-sosiolingvistar'. Det gjeld m a Anders Steinsholt med granskingane av det han kalla "målbrytningen" mellom bygdemål og Larvik-mål i Hedrum i Vestfold,

Odd Nordland som granska sosiale skilnader i språkbruken til Oslo-born fyrst i 1950-åra med kvantitative metodar, Olav T. Beito i 1958 om utviklinga i hallingmålet i den siste mannsalderen, og Andreas Bjørkum, som kring 1970 granska generasjonsskilnader i indresognsmålet innanfor råmene av den tradisjonelle dialektologien. Dette kan nok ikkje reknast som anna enn ein understraum i målføregranskinga fram til 1970, men det viser at norske målføregranskarar i høgste grad har hatt meir auga for variasjon, heterogenitet og dynamikk enn innføringsbøkene og ryktet fortel om.

Som Mæhlum skriv, er nok det òg ein viktig del av forklåringa på at det tok "forbausende kort tid før den nye disiplinen [sosiolingvistikken] så å si var 'stuerein' og institusjonalisert i flere av de språklige forskningsmiljøene" (Mæhlum 1996:191). Det skjedde trass i at sosiolingvistikken vart lansert i skarp opposisjon både fagleg og politisk til målføregranskinga, og det leier over i det siste hovudpunktet mitt.

4 SOSIOLINGVISTIKK OG SPRÅKPOLITIKK

Ideologiske og kulturpolitiske målsetnader og motsetnader har alltid prega norsk talemålsforskning, og dei fleste tonegjevande forskarane frå Ivar Aasen til i dag har sjølve vore aktive i språkstriden og hatt klåre målpolitiske siktemål med det vitskaplege arbeidet. Ein kan difor ikkje berre sjå faglege nyorienteringar i internvitskapleg lys. Spørsmålet blir då kva for ein ideologisk og språkpolitisk kontekst sosiolingvistikken har stått i, og korleis dette har vore med på å forma forskarane sitt 'syn på kva ein dialekt er'.

(a) *Ventil, TAUS og den store kampen for språkleg frigjering*

1971 er her eit år å merka seg. Då kom den store "Talemålsundersøkelsen i Oslo" (kjent som TAUS) i gang med Eskil Hanssen som prosjektleiar, og 1971 vart såleis gjennombrøtsåret for den moderne sosiolingvistikken i Noreg. Same året byrja to tidsskrift å koma ut, *Ventil*, som var det fagkritiske tidsskriftet for studentar og radikale tilsette ved Nordisk institutt i Oslo (tidsskriftet kom ut i åra 1971–76), og *Mål og Makt*, som var og er tidsskriftet til

Studentmållaget i Oslo. Dei fortel båe to mykje om sambandet mellom sosiolingvistik og språkpolitikk tidleg i 70-åra.

Sosiolingvistikken kom i kjølvatnet av den store positivismestriden i 60-åra og fall saman med radikaliseringa i studentmiljøa. Alt frå fyrste nummer vart det agitert språkpolitisk for sosiolingvistikken i *Ventil*. I 1973 gjorde Geirr Wiggen det heilt klårt kva som burde vera oppgåva for sosiolingvistane. I ein artikkel som vart innleidd med eit Lenin-sitat, skreiv han:

Norsk språksosiologi bør kunne bidra til å kaste lys over de maktforhold og sosiale mekanismer som bestemmer vår språkbruk og over den språklige undertrykkelse overfor store lag av folket som framleis er et faktum i Norge. Norsk språksosiologi bør med andre ord ha en frigjørende funksjon. (Wiggen 1973:13)

Liknande utsegner finn ein flust av både i *Ventil* og *Mål og Makt*. Sosiolingvistikken skulle vera eit våpen mot dialektundertrykkinga i samfunnet. Den tradisjonelle målføregranskinga vart kritisert, både for å vera positivistisk, og for ikkje å bry seg om talemålet til folk flest. Her kan ein med god grunn spørja, som Mæhlum gjer, kva som var mindre positivistisk med angloamerikanske samfunnsvitskaplege metodar frå 60-åra enn med tradisjonell norsk målføregransking, men det skal få liggja. På redaksjonell plass klaga forresten *Ventil* på at Norsk Målførearkiv ikkje svarte på kritikken (*Ventil* 2/73:1).

Vinteren 1973 var TAUS- og *Ventil*-miljøet so – me må vel seia heldige – å få ein open fiende då Finn-Erik Vinje tok offentleg til orde for talemålsnormering i skulen. Ein stor avisstrid fylgde, der mange frå TAUS-flokken var alt anna enn tause, og seinare har det ofte referert til striden som ei politisk vekkjar (t.d. i ein mimreartikkel av Geirr Wiggen i *Språklig Samling* 1/96:4).

Dei unge sosiolingvistane skaffa seg andre motstandarar òg. Målrørsla hadde byrja å diskutera ein offensiv for dialektbruk, og tanken vart for alvor drøfta i 1973. Det munna ut i den velkjende dialektreisinga på 70-talet. I målrørsla var ein både usamd om ein skulle arbeida for dialektane isolert eller knyta dialektarbeidet til arbeidet for nynorsken, og om nynorsken var god nok eller om han måtte ta opp i seg

fleire bokmålsnære dialektdrag før han var brukande for større grupper. Motsetnaden vart sett på spissen i spørsmålet om hovudparolen for dialektaksjonane skulle vera "Snakk dialekt – skriv nynorsk!" eller berre "Snakk dialekt!".

'Folkemålsflokk' stod mot 'høgnorskflokk' – det var iallfall nemningane folkemålsflokk brukte, og det var der ein fann folka frå TAUS-miljøet. Mange av dei var samstundes med i eller sympatisørar med *Landslaget for Språklig Samling*, og sosiolingvistikken vart eit flittig brukt våpen i den interne striden i målrørsla. Det kjem godt fram i ein artikkel av Lars S. Vikør i *Mål og Makt* frå 1976, som forresten òg er ein av dei fyrste norske oversiktsartiklane over internasjonal sosiolingvistik. Det er nok å sitera mellomtitlane i artikkelen for å illustrera dei språkpolitiske poenga (Vikør 1976):

- A. Kjernes spørsmål i sosiolingvistikken
- B. Labov: sosiale faktorar påverkar språkssystemet
- C. Sosiolingvistik – språketnografi – språksosiologi
- D. Bernsteins kodeteori og den kompensatoriske språkundervisninga
- E. Høgnorskideologien manglar vitskapleg grunnlag
- F. Språksosiologien og kampen mot språkundertrykkinga

Slik vart dialektsynet til mange av dei leiande unge sosiolingvistane på 70-talet påverka av deltakinga i målstriden på to frontar: Mot nedvurderinga av dialektane frå riksmålshald og elles i samfunnet, og mot dei meir tradisjonalistiske og samnorsk-kritiske krinsane i målrørsla, der ein fann synsmåtar som var meir i tråd med den tradisjonelle målføregranskinga.

(b) *Det utvida dialektomgrepet som målpolitisk verkemiddel*

Det får me godt illustrert dersom me går tilbake til Helge Sandøy si grunngjeving for det utvida dialektomgrepet:

Vi kan òg høre om at folk snakkar *meir* og *mindre* dialekt! Slike utsegner føreset nettopp at omgrepet 'dialekt' er definert som noe

avvikande, og meir og mindre avvik blir målt i forhold til noe som blir oppfatta som 'normalt' eller 'standard'. ...

Utgangspunktet i denne boka skal vere at *alle snakkar dialekt*. Vi er altså interesserte i språket åt alle. For somme er ein slik påstand ein provokasjon. Interessant er det at for andre er det ein 'gledesbodskap', ettersom mange kjenner seg språklig heimlause og 'uekte' fordi talemålet deires ikkje tilfredsstillar kriteria for ein eller annen klassisk 'ekte dialekt'. (Sandøy 1993:11)

Sandøy sparkar her i båe retningar; på den eine sida til dei som meiner at dialektane er simplare enn standardtalemålet og difor mindre brukande, og på den andre sida til dei som meiner folk bør snakka dialekten slik han vart snakka før og difor ikkje har mykje til overs for 'knotarane'.

Ein interessant skilnad kjem til syne dersom ein samanliknar med den utanlandske litteraturen som truleg har hatt ein del å seia for at det utvida dialektomgrepet slo rot her i landet. I *Dialectology* (1980) er utgangspunktet til Chambers og Trudgill òg at alle snakkar dialekt, men deira språkpolitiske argumentasjon går berre i ei retning – nemleg mot dei som reknar dialektane for å vera mindre bra og brukande enn standardtalemålet. Skilnaden reflekterer den ulike statusen dialektane har hatt i Noreg og i mange andre land. Hjø oss er det ikkje berre standardtalemålet som har hatt prestisje. Det har òg vore knytt prestisje – kall det gjerne 'motprestisje' – til det å bruka dialekt. Sjansen er nok stor for at ein RP-talande engelskmann blir fornærma dersom nokon påstår at han snakkar dialekt. Det same kunne nok henda dersom ein bokmålstalende nordmann blir skulda for det same, men sjansen er nok vel so stor for at personen blir fornærma dersom ein påstår at han *ikkje* har nokon dialekt. Slik får det utvida dialekt-omgrepet òg ein annan språkpolitisk funksjon her i landet enn i mange andre land.

At det utvida dialektomgrepet har hatt ein brodd mot grupper som tradisjonelt har arbeidd for auka respekt for og bruk av dialektane, er òg kanskje ein av grunnane til at det ikkje har fått fullt gjennomslag her i landet. Då Sandøy brukte det i *Norsk dialektkunnskap* (1985), fekk han kritikk for det av Arne Torp i ei elles rosande bokmelding i *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*. Torp meinte det var eit brot med tradisjonen og at

ein heller kunne nytta nemninga 'hjartespåk' om det Sandøy kalla 'dialekt' (Torp 1985:119). I boka *Språkplanlegging* (1988) refererer Lars S. Vikør det utvida dialektomgrepet og legg til at "Denne definisjonen er ikkje vanleg" (Vikør 1988:45). I 1991-utgåva av *Mål og miljø* (s. 107) slår Venås fast at han ikkje vil bruka det. I fyrsteutgåva frå 1982 har han derimot ikkje kommentert det.

Spørsmålet har dessutan ei målpolitisk side til: Målrørsla har i 150 år hatt som eit aksiom at nynorsken er ein skriftspråkleg samnemnar for alle dialektane. Dersom ein vedkjenner seg eit slikt prinsipp (og det er vanskeleg å vera målmann eller -kvinne utan å gjera det!), får dialekt-definisjonen nødvendigvis fylgjer for kva ein meiner høyrer heime i nynorsknormalen.

5 KONKLUSJON

Det eg har ynskt å koma fram til med denne drøftinga, kan samlast i fire punkt:

(1) Merksemnda til forskarane har flytt seg frå *geografisk* variasjon i målføregranskinga til *sosial* variasjon i den labovske sosiolingvistikken og vidare til *individuell* variasjon i den interaksjonelle sosiolingvistikken. Det har vore med på å knusa biletet av dialektane som homogene og statiske språkssystem med skarpe grenser. Me har vorte klåre over at eit dialekt-omgrep med rot i røydomen må ha rom for variasjon. Sett på spissen kan me seia at eit statisk dialektsyn har vorte avløyst av eit statistisk.

(2) Sjølv om sosiolingvistikken utan tvil stod for noko nytt, må ein ikkje tapa kontinuiteten av syne. Norske målføregranskarar viste interesse for heterogenitet, variasjon og sosiale og psykologiske språkendringsmekanismer lenge før sosiolingvistikken vart oppfunnen.

(3) Endringar i dialektsynet i fagmiljøa kan ikkje berre forklårast ut frå internvitskaplege tilhøve. Ein må òg rekna inn dei nære banda mellom talemålsforskning og språkpolitikk – meir konkret at mange av

pionerane i norsk sosiolingvistik samstundes kjempa på to frontar i målstriden.

(4) I den grad eit nytt og utvida dialektomgrep har slege gjennom, er det nok like mykje av språkpolitiske som av reint faglege grunnar.

Sidan norske sosiolingvistar neppe har tenkt å slutta med å venda seg til folket, avsluttar eg med eit lite døme på at ikkje alt i sosiolingvistikken nødvendigvis blir oppfatta som like interessant der ute. Etter at målrørsla hadde diskutert dialektarbeidet på eit seminar i 1975, kunne ein lesa fylgjande i diskusjonsreferatet i *Mål og Makt* (1/1975:30):

Ernst H. Jahr hadde [i innleiinga si] lagt vekt på at det var viktig å ha klårt for seg at dialekt og nasjonalmål var abstrakte omgrep, men dei færreste meinte dette ville ha så mykje å seie for saka.

LITTERATUR

- Chambers, J. K. og Peter Trudgill 1980: *Dialectology*. Cambridge.
- Christiansen, Hallfrid 1946–48: *Norske dialekter*. (Hft 1–3) Oslo.
- Koerner, Konrad: "Towards a history of modern sociolinguistics." I: *American Speech* 66.1 1991.
- Kolsrud, Sigurd 1922: *Maal og Maalgransking*. Oslo.
- Kolsrud, Sigurd 1951: *Nynorsken i sine målføre*. Oslo.
- Mæhlum, Brit 1996: "Norsk og nordisk sosiolingvistik – en historisk oversikt." I: Carol Henriksen et al. (eds.): *Studies in the development of linguistics in Denmark, Finland, Iceland, Norway and Sweden*. Oslo. s. 175–224.
- Mål og Makt* (1971–). Oslo.
- Sandøy, Helge 1985: *Norsk dialektkunnskap*. Oslo.
- Sandøy, Helge 1993: *Talemål*. Oslo.
- Skjekkeland, Martin 1977: *Målføre og skriftmål*. Oslo – Bergen – Trondheim. (Førebels utgåve.)
- Torp, Arne 1985: [melding av Sandøy 1985] I: *Norsk Lingvistisk Tidsskrift* 2/1985:119ff.
- Ventil* (1971–1976). Oslo.

- Venås, Kjell 1991: *Mål og Miljø. Innføring i språksosiologi eller sosiolingvistik*. Oslo. (3. utg.)
- Vikør, Lars S. 1976: "Vitskapen om språket i samfunnet. Eit overblikk over språksosiologien." I: *Mål og Makt* 2/1976:12–21.
- Vikør, Lars S. 1988: *Språkplanlegging. Prinsipp og praksis*. Oslo.
- Wiggen, Geirr 1973: "Noen emner for norsk språksosiologi." I: *Ventil* 2/1973:12–17.
- Wiggen, Geirr 1995: "Amund B. Larsen som sosiolingvist." I: L. A. Kulbrandstad og B. Øygarden (red): *Peilepunkter. Festskrift til Thor Ola Engens 50-årsdag 11. januar 1995*. Vallset. s. 20–38.